



Ng Kiwi Vest AS avd 869
Postboks 551
3412 LIERSTRANDA

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/961 - 19/9674

Saksbehandlar:

Ingunn Øvretveit

Ingunn.Ovretveit@lindas.kommune.no

Dato:

21.03.2019

Salsløyve - NG Kiwi vest AS avd 869 - Kvassnesvegen - purring på manglande innlevering av omsetningsoppgåve og varsel om prikktildeling

Viser til brev datert 13.02.19 vedkomande innlevering av omsetningsoppgåve for sal av alkohol. Frist for innlevering av denne var 01.03.19. Ved manglande innlevering av omsetningsoppgåve er konsekvensen at kommunen skal tildela prikkar etter alkoholforskrifta § 10-3. Slik varsla i brevet datert 13.02.19 tildeler Lindås kommune 2 prikkar pr påbegynt 14. dag om oppgåva ikkje er levert innan fristen.

Lenke til rapporteringsskjema: <https://www.lindas.kommune.no/innhald/naring-og-landbruk/serverings--sals--og-skjenkeloyve/omsetjingsoppgave-og-bevillingsgebyr/>

Pr 21.03.19 er omsetningsoppgåva ikkje motteken. Prikktildelinga vert slik:

02.03.19 2 prikkar

16.03.19 2 prikkar

Før vedtak om prikkar vert gjort skal kommunen senda ut førehandsvarsel, og jf. forvaltningslova §16 kan bevillingshavar få høve til å uttala seg. Frist for å gje uttale og evt. kommentarar er sett til 01.04.19, og kan sendast Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø eller på e-post: postmottak@lindas.kommune.no.

Orientering om mulige konsekvenser ved ytterligare prikktildeling:

Viser til alkoholforskrifta § 10-2 2. ledd » Dersom bevillingshaver i løpet av en periode på to år er tildelt til sammen 12 prikker, skal kommunestyret inndra bevillingen for et tidsrom på én uke. Dersom det i løpet av toårsperioden blir tildelt flere enn 12 prikker skal kommunestyret øke lengden på inndragningen tilsvarende.»

Med helsing

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Reidun Sæbdal
einingsleiar

Ingunn Øvretveit
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ng Kiwi Vest AS avd 869

Postboks 551

3412

LIERSTRANDA

Ng Kiwi Vest AS avd 869

Postboks 551

3412

LIERSTRANDA